

TO VENNER VED ELVA

TEKST: Erna Osland · ILLUSTRASJON: Inger Lise Belsvik

Jon har ein venn.
Han heiter Reidar.

Reidar går ikkje på skolen.
Han er vaksen.
Men han kjem til skolen likevel.

Straks skolen er slutt,
er Reidar der.
Han sit på sykkelen sin.

På sykkelen er det to fiskestenger.
Ei stor fiskestong til Reidar.
Ei lita fiskestong til Jon.

Kvar dag dreg Jon og Reidar til elva.
Dei fiskar.
Og det hender at dei får fisk:
små aurar som må steikjast heile.

Jon liker å vere ved elva.
Han liker å sjå vatnet
som strøymmer forbi.
Stilt, stilt, tenkjer Jon.

Når han blir vaksen,
skal han bli flygar.
Han skal fly høgt.
Høgt over skolen og elva.

Men når han har fri,
skal han fiske med Reidar.
Dei skal ha like lange fiskestenger.
Dei skal dra opp små aurar.
Og dei skal sykle
rett heim til Reidar.
Far hans må jo hjelpe dei
med å steikje!

